



Arkivnr: 2014/17239-5  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                         | Saknr. | Møtedato   |
|-------------------------------|--------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel |        | 17.10.2018 |
| Fylkesutvalet                 |        | 25.10.2018 |

## Bompengar for nullutsleppskøyretøy

### Samandrag

Ved handsaming av Innst. 2 S (2016-2017) om *nasjonalbudsjettet for 2017 og framlegg til statsbudsjettet for 2017*, gjorde Stortinget eit anmodningsvedtak om å etablere ein nasjonalt bindande regel om at nullutsleppskøyretøy ikkje skal betale meir enn maksimalt 50 pst av takstane for konvensjonelle køyretøy for bompengar, ferjer og parkering.. Regjeringa kom tilbake til dette i Prop 87 S (2017-18) *Nokre saker om luffart, veg, særskilte transportiltak, kyst og post og telekommunikasjon* der det går fram at takstane kan variere mellom 0 og 50 pst. av ordinær takst fråtrukket brikkerabatt.

Det må gjerast vedtak i dei aktuelle kommunane og i fylkeskommunen før det kan innførast bompengavgift for nullutsleppskøyretøy. Fylkesrådmannen meiner det er rimeleg at også nullutsleppskøyretøy bør bidra i dei spleiselaga som bompengeprojekt er nå som elbilandelen er blitt såpass høg. I denne saka blir det føreslått å innføre 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy i alle bompengeprojekt/pakkar i Hordaland. Dette gjeld også bompengar som er lagt på ferjebilletten.

Bømlo og Askøy kommunar har gjort naudsynte vedtak for sine pakkar. I Bergen er det lagt opp til at når andelen elbilar når 20 pst av alle bilar gjennom bomringen, skal dei betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida. Dette vert venteleg nådd i løpet av våren 2019.

Dei fleste bompengeprojekta og –pakkane i Hordaland har hatt lågare inntekter enn budsjettert grunna auken i elbildelen. Innføring av takst for nullutsleppskøyretøy vil bidra til å sikre planlagd finansiering av eksisterande prosjekt, samt bidra til å realisere ein større del av prosjektporteføljjen for eksisterande bompengepakkar.

**Økonomi:** Bompengar for nullutsleppskøyretøy vil styrkje økonomien i bompengeprojekt/bompengepakkar. For bompengepakkar kan det bety at fleire prosjekt kan realiserast, for bompengeprojekt redusert takstnivå for bilistane og/eller kortare nedbetalingstid.

**Klima:** Bompengar for elbil vil på den eine sida kunne føre til noko avvising av trafikk og følgeleg mindre bilbruk. På den annan side kan det gjere nullutsleppskøyretøy noko mindre attraktive i forhold til fossilbilar. Totaleffekten er usikker.

**Folkehelse:** Om bompengar reduserer trafikken, vil det kunne bidra til mindre forureining (dekkstøv, utslepp frå dekk) og mindre køar i byane. Om det fører til at fleire veljar fossilbil, kan det føre til meir forureining. Totaleffekten er usikker.

**Regional planstrategi:** Ikkje direkte verknad.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.
2. 50 % påslag for bompenger på elbil ut over rabattert ferjetakst gjeld også for ferjestrekningane mrf påslag for bompengar. Dette gjeld Austevollferjene, Årsnes-Gjermundshavn og Langevåg – Buavåg.
3. For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 19.09.2018

## Bakgrunn

Ved handsaming av Innst. 2 S (2016-2017) om nasjonalbudsjettet for 2017 og framlegg til statsbudsjettet for 2017, gjorde Stortinget m.a. følgjande anmodningsvedtak:

*Det etableres en nasjonal bindende regel om at nullutslippskjøretøy ikke skal betale mer enn maksimalt 50 pst av takstene for konvensjonelle kjøretøy når det gjelder bompenger, ferjer og parkering.»*

Regjeringa kom tilbake til dette i Prop 87 S (2017-18) Nokre saker om luftfart, veg, særskilte transporttiltak, kyst og post og telekommunikasjon. Det går her fram at takstane kan variere mellom 0 og 50 pst. av ordinær takst fråtrukket brikkerabatt..

I bypakkar med miljødifferensierte takster skal nullutslippskjøretøy ikkje betale meir enn 50 pst. av det bensindrivne kjøretøy betalar.

Det går vidare fram at departementet vil følgje med på den teknologiske utviklinga og auken i nullutslippskjøretøy og vurdere takstnivået i lys av dette.

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 11. april i sak Uttale - nye bompengetakstar for Austevollsbrua (PS-sak 89/2018)

*Fylkesrådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak som omhandlar bompengetakst for nullutslippskjøretøy på sambandet*

Denne saka følgjer også opp dette vedtaket.

## Sakshandsaming

I brev frå Statens Vegvesen datert 9. september 2018 er det m.a. gjort greie for vidare sakshandsaming for å innføre ny takst for nullutslippskjøretøy i tråd med gjeldande praksis:

1. Regionen tek kontakt med bompengeselskapet og orienterer om moglegheita for å endre takst -og rabattsystemet for el-bilar og hydrogenbilar Brev om dette vart sendt 3. september frå Region Vest i Statens Vegvesen til Ferde AS.
2. Bompengeselskapet vurderer saka og gjev tilbakemelding om dei ønskjer ei slik endring. Ferde AS har i brev datert 14 september bedt om at det vert innført bompengavgift for nullutslippskjøretøy i samsvar med føringane i Prop. 87 S (2017-2018) i dei prosjekta og pakkane i bomregion sørvest der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføre ei slik avgift.
3. Regionen handsamar søknaden og syter for lokalpolitisk handsaming av framlegg til nye takstar.
4. Det blir gjort lokalpolitiske vedtak om betaling. Det må vere semje mellom kommunar og fylkeskommunen som er involvert i prosjektet.
5. Vegdirektoratet/Statens Vegvesen gjer takstvedtak som blir fylgt opp med kunngjering på vanleg måte. Justering av takster som følgje av auka inntekter, skal vurderast i den løpande oppfølginga av prosjekta (årlege rekneskapsoppfølginga).

## Justering av takstnivå

Gjennom Statsbudsjettet for 2017 (Prop 1 S (2016-2017)) vart det lagt inn nye rutinar for handtering av usikkerheit i bompengeprojekt. Tidlegare har det vore i hovudsak slik at eventuelle vinstar ved auka inntekter ut over anslått førte til kortare nedbetalingstid. Dei nye retningslinene tilseier at det skal leggje opp til ein meir aktiv prosess der takstane blir revurdert i fleire omgangar etter kvart som usikkerheita blir redusert. Dette tilseier at eventuelle vinstar i bompengeprojekt som følgje av auka inntekter, t.d. ut i frå innføring av høgare bomepengar, bør føre til justering av takstar.

## Elbilandel i bompengeprojekt i Hordaland

Tabellen under viser elbilandelar ved dei ulike bompengeprojekta i Hordaland for hhv. bompengeprojekt på ferje og for autopassanlegg på land for perioden frå januar til juli 2018. Det er stor forskjell i elbilandel mellom dei ulike bomprosjekta, frå under 2 % på E 134 Åkrafjorden til 30 % på Halsnøysambandet.

|   | Januar- juli 2018   |         |               |
|---|---------------------|---------|---------------|
| Ferjeinnkrevjing  | Totalt tal køyretøy | Elbilar | Andel elbilar |
| Austevollsbrua (Hufthamar/Krokeide, Husavik/Sandvikvåg) | 229 210             | 29 935  | 13,1 %        |
| Bømlopakken (Langevåg - Buavåg)                         | 40 571              | 2 658   | 6,6 %         |
| Årsnes - Gjermundshamn                                  | 148 122             | 4 150   | 2,8 %         |

| AutoPASS anlegg på land | Totalt tal passeringar | Elbil passeringar | Andel elbilar |
|-------------------------|------------------------|-------------------|---------------|
| Askøypakken             | 4 654 489              | 1 015 880         | 21,8 %        |
| Bomringen i Bergen      | 27 285 146             | 4 516 443         | 16,6 %        |
| Hardangerbrua           | 452 176                | 24 551            | 5,4 %         |
| Vossapakken             | 1 700 308              | 69 280            | 4,1 %         |
| Kvammapakken            | 605 348                | 30 085            | 5,0 %         |
| Halsnøysambandet        | 225 655                | 67 617            | 30,0 %        |
| Jondalstunnelen         | 134 550                | 6 710             | 5,0 %         |
| E134 Åkrafjorden        | 419 609                | 7 510             | 1,8 %         |
| Bømlopakken (Spissøy)   | 809 763                | 31 114            | 16,2 %        |
| Haugalandspakken        | 23 122 084             | 1 485 508         | 6,4 %         |

## Lokalpolitiske vedtak i Hordaland

Nokre kommunar i Hordaland har gjort vedtak om å innføre bompenger for elbilar.

### Miljøløftet i Bergen

Gjennom Miljøløftet i Bergen er det lagt opp til at når andelen elbilar når 20 pst av alle bilar gjennom bomringen, skal dei betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida. Dette vert venteleg nådd i løpet av våren 2019.

### Bømlopakken

Kommunestyret på Bømlo har m.a. gjort slikt vedtak i sak 39/17 Bømlopakke II:

*«Elbilar skal i utgangpunktet betale full takst. Inntil nasjonale retningslinjer opnar for å ta full takst for elbilar skal elbilar ha 50 % rabatt på full pris.»*

### Askøypakken

I sak 131/2017 «Finansiering og utbyggingsrekkefølge av Askøypakken» gjorde Askøy kommunestyre m.a. følgjande vedtak:

«El-biler betaler 50 %»

#### Austevollbrua

Fitjar kommune gjorde slikt vedtak i sak om *Nye bompengetakstar på ferjesambanda Hufthamar - Krokeide og Husavik – Sandvikvåg* den 21.2.2018 (PS-sak 14/2018)

*Fitjar kommune ber at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengetakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsonar i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.*

Austevoll kommune gjorde slikt vedtak i kommunestyret 22.2.2018: (sak 32/18) Innføring av bompengar for nullutsleppskjørretøy:

*Austevoll kommunestyre ber om at nullutsleppskjørretøy skal ha bompengetakst tilsvarande 50% av taksten for andre kjøretøy. Fordeler som avgiftsfritak, gratis lading og bruk av kollektivfelt er betre eigna verkemiddel for å motivere for nullutsleppskjørretøy på nasjonalt nivå enn å legge ansvaret for eit lokalt bruprojekt over på ei spesifikk brukargruppe. Her er det snakk om å få på plass ei solidarisk finansiering av eit lokalt samferdsleprosjekt som frå starten av vart løfta av lokalsamfunnet.*

Byrådet i Bergen gjorde slikt vedtak 12. april 2018 (sak 1084/18):

*Bergen kommune ber om at nullutslippskjørretøy skal ha bompengetakst tilsvarande et tillegg på 9 takstsoner i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakster.*

#### Haugalandspakken

Haugalandspakken omfattar også to kommunar i Hordaland, Etne og Sveio, sjølv om ingen av bomstasjonane ligg i dei to kommunane. Fylkestinget i Rogaland gjorde slikt vedtak i juni 2018 (sak 63/18)

*«Fylkestinget viser til forslag i revidert statsbudsjett om å innføre halv takst for el-biler ved bompassering. Dersom dette blir vedtatt av stortinget vil det gjelda for alle bomprosjekt i Rogaland»*

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Som nemnt ovanfor vil det no leggjast opp til at det regionale bompengeselskapet (Ferde AS) vurderer behovet for takstendring etter kvart, og meldar dette til kommunane og fylkeskommunen som må gjere vedtak om takstendring om inntektsgrunnlaget blir endra.

Fylkesrådmannen meiner det er naturleg at det blir innført bomtakstar også for nullutsleppskjørretøy. Fritak for nullutsleppskjørretøy vart i si tid primært innført som eit verkemiddel for å stimulere til innføring av ny teknologi inn på marknaden og for å redusere klimagassutsleppa. I dag må vi kunne seie at i alle fall elbil er i stor mon blitt etablert på marknaden, og det er etablert eit relativt godt nettverk av lademoglegheiter i fylket. Det blir forsett stimulans til nullutsleppskjørretøy gjennom fritak for moms ved kjøp, redusert pris ved bompassering og fortsett moglegheit dei fleste stader i å køyre i kollektivfelt.

Fylkesrådmannen meiner det er rimeleg at også nullutsleppskjørretøy bør bidra i dei spleiselaga som bompengeprojekt er. Nullutsleppskjørretøy bidreg til køar og redusert framkome i trafikken, og forureinar like mykje som fossilbilar når det gjeld slitasje på vegbane, utslepp av mikroplast frå dekk osv.

Dei fleste bompengepakke og -prosjekt i Hordaland er underfinansierte grunna auken i talet på elbilar. Det auka inntektsgrunnlaget som følgjer av at også nullutsleppsbilar må betale bompengar, må difor i første rekkje gå til å finansiere vedtekne prosjekt i pakkar, eventuelt til å følgje betalingsplanen for bompengar.

Det er nokon unnatak frå at prosjekt er underfinansierte, jf. m.a. sak om Jondalstunnelen – Takstreduksjon til møtet i Fylkesutvalet 19. september, der takstane vert sett ned.

Generelt sett er det vanskeleg å anslå inntektsverknadene av innføring av bompengar på nullutsleppskjørretøy i dei ulike pakkene. Grunnen er dels at det kan forventast å bli ein viss avvisingseffekt

ved innføring av bompengar, og dels at det er usikkert i kva grad ordningar som bompengetak og timesregel vil få for dei einskilde prosjekta.

Dei prosjekta som er nemnde, har allereie gjort vedtak som etter det fylkesrådmannen kjenner til vil vere tilstrekkeleg til å innføre bompengar for nullutsleppskøyretøy. For dei andre bompengeprosjekta i Hordaland må det gjerast lokalpolitiske vedtak i tillegg til vedtak i denne saka for at det skal kunne innførast bomavgift for nullutsleppskøyretøy. Som nemnt føre, vil Statens Vegvesen etter dette gjere dei naudsynte takstvedtaka, og gjennomføre takstauken.